




Uskedal sentrum i fugleperspektiv 1991 - Foto: Kvinnheringen

Kvinnheringen har plukka ut 25 bilete frå Uskedalen for om lag 30 år sidan. Motiva fortel om personar og hendingar på 1980 og 1990 talet,- alt frå Uskedalsdagane til viktige utbyggingstiltak. Dette er ei digital løysing. Berre dei som er tingarar og har avisa på nett, kan sjå bileta.



Svein Rimestad opnar ny utedo ved Fjelly i 1988 - Foto: Kvinnheringen

Her er mykje å gle seg over og noko av dette burde kome i i bokform slik Kvinnheringen gjorde med boka Da sto i aviso, Kvinnherad 1973 - 1997. Fleire av bileta er henta frå Uskedalsdagane. Vi finn tre motiv frå museumsdagar på Rød, bilete frå det som var AFA, frå Uskedal båtlag si båthamn, frå Rabben Camping, frå Eidsvik skipsbyggeri og ikkje minst frå hytta Fjelly i 1988 då veterinær Svein Rimestad opna ny utedo.



Tett med parkerte bilar under Uskdalsdagane i 1985 - Foto: Kvinnheringen

Ukjend for mange er det at Oddvar Røssland og Lehonard Eik ei tid dreiv eigen TV omformar. Eit artig bilete er når Kjersti Nilsen står i butikkdøra og tek mot tre ender. Visste du forresten at Jørn Øyrehagen Sunde starta sin historiske karriere med å vera sommarguide på Bygdetunet Rød. Eit vakkert flyfoto frå 1991 syner båthamna og sentrum. Oskar og Marit Landballe med barn er med i serien, frå den tid dei dreiv gardsdrift med mjølkeproduksjon på Skorpo. Vil du sjå korleis Kleivadalssvingen såg ut før gang- og sykkelvegen kom, ja, då må du vera tingar av Kvinnheringen og få tilgang til avisa digitalt.



Jørn Ørehagen Sunde hadde jobb på Rødtunet - Foto: Kvinnheringen

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå biletserien i Kvinnheringen